

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Sølvang.

Oppskr. av: Inund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jone Eiane F, 9/1 1877, lærar. og noko oī bygde boka.

SVAR

Nemnningar om død var: dø, sløkna, somna, for eller flutte.

Dei såg, høyrdé eller kjende på pulsen for å vera viss om at eit menneske var død. Når dette då var sikkert så vaska dei andlet og hender og barberte (rakte) når det var naudsynt. Dei lukte augo la ein mynt på dei, batt eit plagg rundt haka over hovudet for å halda munnen saman, eller dei la ei bok under haka. Hendene vart antan falda eller lagt om einannan. Slekt og vener i nærleiken vart straks varsle, og stundom vart det halde ein stutt andakt.

Det vart hengt kvitt laken over vindauge og glaser, og stove klokka vart stoppt. Det vart også ordna med gjenomtrekk trekk i likstova og alt måtte vera roleg og stillt.

Liket låg som vanleg eitt døger i senga før det vart lagt fram på eit bord. Då låg det på likstrå, og det var ikkje noko underlag. Men i kista var det antan halm eller spon under. Sengehalm etter døde vart straks brent, men ikkje klæa utan at det var smitsam død. Når liket vart lagt i kista vart det stelt og kledd. Det var alltid kvinner som gjorde det. Håret vart og stelt og neglene klipt.

Det vart lagt eit laken under liket, det hang ned på begge sider av kista, og var så langt som kista, det var sveipet, sveip var ikkje det same som likklær. Liklaken og sveipen laken er kjent. Folk trudde fast på dødsvarsler og varsel om ulukker før i tida. Nå lys var det når dei såg

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2

såg lys på tak og møne og andre stader, og det var varsel om død eller ulukke. Dei hadde sikre prov for det, men ikke dei. Kistene vart i eldre tid spikra, dermed vart det også varsel om nokon brått kom over folk som spikra saman noko.

Lyktemann såg dei rett som det var, både på sjø og land.

Det tydde feigt. Serleg var det varsel når kattugla skreik rundt husa eller på dem. Skrik av hubro og ramn nær bustader tydde det same. Dersom ein hane gol i utide og då hadde varme føter så tydde det eldebrann, var dei kalde så ville ein av folket i huset koma burt ved drukning. Det kunne ved hjelp av ein hane finnast drukna folk (kor dei eller den låg), hanen gol når dei var over staden. Verskrik vart *någt* fra sjø og land, det var klagande og jamrande lyder som varslede ulkker og død. Feig var den som såg eit eller anna som låg i kross. Høyrde ein veggesmeden (dødninguret) tikka i veggen over døra, så skulle ein snart bera ein død ut. Var nokon blitt meir enn vanleg orr (annig) eller hadde nokon fått svarte flekkar (jordflekkar) kalla dei det, så tydde også det død. Sver apetitt tydde det same.

Sjuke- og dødsseng var vanleg den same som dei alltid låg i.

Eit ordtak var: Vil døy dreng i mi eigi seng. Det var vanleg å leska tunga til den døyande. Prest eller andre truande vart ofte budsendt til sjælesorg, og presten delte nattverd til dei som yngste det. Men det har og hent, at det har kome folk til presten og bedt etter litt altarvin til døyande. Sume avgjorde sjølv koss alt skulle vera i gravferda: kven som skulle bedast, kven som skulle vera songarar, salmer, bibelord, gravstøtta o.a.

Gravferdsdagen før lokket vart spikra på, kom så ei kyndig kvinne og sveipte liket. Både på kvinner og menn la dei kvitserviet over andletet. Kjøpte likklær vart brukta fra omkring 1870-1880. Under siste krig var likklær av papir. Eit teppe vert lagt over liket når sveipet er det siste.

NORSK Etnologisk Granskning

II

3

På føtene hadde liket sokkar, men føtene skulle ikke vera synlege. Manslik hadde svart plagg rundt halsen.

Det har hendt her i eldre tid at sjukt barn vart ført tri gonger att og fram under kista med lik i, for å bli lekt. Den gongen laga dei kistene sjølv i bygdene. Folk hadde høvande material ståande og ofte ferdige kister på lager. Kommunar hadde og lager av kister til bruk nå fatig-folk døydde, dei stod helst i andre høgda i kyrkje tårnet.

Før 1870 åra vart det brukt trenaglar i kistene og stropper til å bera etter. Og kistene var alltid svarte, omkring 1900 tallet byrja sume å bruca kvite kister ^{Nå} brukast berre kvite kister, laga på fabrikkar i byane.

I puta var det høy eller halm, og det var ofte blonder i kantene. Det har ikkje vore vanleg å leggja nok ekstra i kista, men det har nok hendt at gifteringar har fylgt liket. I den tida vart kista pryda med ville blomar og grønt frå skog og mark. Kista med lik i stod oftast på låven.

Gravferds dagen vart det strødd i tunet og eit stykke på vegen. Folk som budde nær vegen der likfylgjet for forbi strødde og med bary^y vegen framfor seg. Lik skulle liggja med føtene mot døra, over andletet på liket la dei kvit serviet. Kista stod oftast utan lokk like til dei skulle ~~kjikkjakk~~ til med song andakt og avferd. Det var skikk at dei som ville skulle få sjå liket før lokket vart spikra på.

Mens liket var heime var alt sers roleg der. Under gravfeda skulle alle vera svartkledde dersom det var råd med det. Det me nå kallar begravelse kalla dei i eldre tid Selaba, truleg også gravøl. Gamle folk hugsardet snakk om at det vart brukte opp til 2-3 tunner øl og 1 anker brennevin i gravøl før deira tid. Sælabad tydde truleg sjelebad som vart nytta i den katolske tida til sjelehjelp for den avlidne. Det var etter gravferda dei hadde dette sjeliegilde, med gaver og traktement til fatige.

61861

13843

Desse fekk då og eit bad. Folk heldt dette for å vera så god ei gjerning, at dei trudde den kjære avlidne si sjel med dette vart snarare reinsa, og fekk lindring i skjær-ilden. Presten var vanleg tilstades og signa gravølet, som også vart kalla sjeleøl, avdi dei meinte at dette ville vera til gagn for sjela til avlidne. Då sjelebad og sjele-messer ved reformasjonen vart forbodne, las bøndene sjølv for dei døde, på same tid som dei tok både/badet og gildet.

Særleg heromkring var det skikk lengre etter reformasjonen, at heile likfylgjet ~~var~~ under gravølet tok seg sjelebad, til beste for den avdøde. 1573 klagast det over utskeiselser over "de ugudelege sjelebad, udi hvilke folk, drikke sig drukne o.s.b. Likferd kunne gå for seg alle vørkedagar, frå heimen, eller frå tunet i godversdagar. Framfor kista vart det i den tida bore to brennande talglyst til dei kom ut på tunet. Salmene dei song hadde dei seregne tonar på, med sløyfer o.l. Nå er det slik, at når det er råd med det, så er alltid presten med i begravelset, elles er det ein lekmann eller ein annan truande, som talar ~~med~~ ved avferda. Så langt nokon hugsar attende i tida har det vore skikk at to mann, skulle vera forsyngjarar. Desse to skulle også syngja når fylgjet for forbi der det budde folk, antan det var til lands eller vans. Næraste skyldfolket bar kista og senka henne i grava. Slik er det ennå. Kista vart boren ut med fotenden først og sett ned i tunet inntil folket var komne ut, og hest med slede, pryda med grønt var komen på plass, om han ikkje alt stod klar. Var det lang veg til kyrkjegarden så fylgde kvinner og eldre folk berre eit stykke på veg. Dess fleire som møtte fram til gravferda dess større æra var det til den avlidne. Så lenge her har vore brukt flagg har det vore skikk å heisa det på halv stong. Dette gjeld alle som bur i nærleiken av gravferds staden. Sume har nå byrja med å ha flagget til tops etter jorde-

NORSK ETNLOGISK GRANSKING

ferda. Det var kjørt stillt og varsamt helst av ein akta og vyrd mann. Likvogna eller langsleden var pynta med bar og grønt. Der det var veglaust, bratt og ulendt batt dei kista fast på ein kjele, og hadde tau framme og bak, og til sidene. Folk heldt då igjen, eller drog etter som det var turvande. Det var same berarane og same songarane heilt til gravferda var over. Fast gravar har det vore så lenge folk kan hugsa. Men gravferdsfolka måtte grava på. Det varde til omkring 1910. Det var helst berre trekrossar som vart sett på gravene, mange graver hadde ingenting. Nå for tida vyrdslar dei fleste godt om gravplassane med pene støtter, blomar o.a. Julaftan og helgamess er det mange som legg blomar på gravene. Ein sjølvmordar fekk nok same stell og same likklær som andre, men vart gravlagt ved gjeret tett ved inngangen til kyrkjegarden. Her heiter det ikkje gravøl nå, men begravelse. Før det var ålmant med avisar var det alltid ei kvinne som gjekk frå gard til gard og bad til gravferda. Ho var svartklædd, kom vyrdeleg til gards, banka på, vart bedd inn, sette seg ved døra, reiste seg om ei stund og sa: Eg sko helsa frå N.N. og be om de ville vera gille og følja N.N. til grava. Sesse kvinnene kalla dei Sælaba brurå eller sælabakåna. Det var skikk at ho skulle ha anten mat og kaffi, eller noko slikt med seg i knyte sitt når ho gjekk. Folk som budde lenger vekke vart bedne pr. brev. Eitt begravelse kunne vara opptil 3 dagar, det var mat på senga om morgonen, så morgenmat, middag, kaffi, og graut til kvelds. Dei nærmeste slektingane var fri arbeidet med tilstelling o.a. Gjestene hadde med seg førning: vafler, lefser og dravle. Gravferder er nå mykje enklare. Folk vert bedne gjennom avisene når dødsfaller inntruffe. Det vert servert smørbrød, berre slekta vert med til middag som oftast. På kransar føl med kista i grava, dei vert lagt oppå grava.